



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Innovasjon Noreg Hovudkontoret
Postboks 448 Sentrum

0104 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
13/51-1 LSA

Dato

20 FEB 2013

Statsbudsjettet 2013 - oppdragsbrev

1 Økonomisk ramme stilt til disposisjon i statsbudsjettet for 2013

Kommunal- og regionaldepartementet viser til Prop. 1 S (2012–2013) for departementet, Innst. 16 S (2012–2013) og orienteringsbrevet datert 8. oktober 2012 og gjev i dette oppdragsbrevet rammene for Innovasjon Noreg over kap. 552 post 72 og midlane som skal dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader på kap. 551 post 60. Departementet delegerer med dette forvaltninga av denne ramma til Innovasjon Noreg.

Det er utarbeidd eigne retningslinjer for forvaltninga av kap. 552 post 72 (sjå vedlegg 1). Brevet inneheld presiseringar i høve til dei dokumenta som er nemnde ovanfor.

Tabell 1. Midlar som blir stilte til disposisjon for verksemda til Innovasjon Noreg i 2013.

Kap.	Post	Namn	Beløp i 1 000 kr
551	60	Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling (til dekking av adm.- og gjennomføringskostnader)	51 000
552	72	Nasjonale tiltak for regional utvikling (inkl. adm.- og gjennomføringskostnader)	183 800

Den samla økonomiske ramma til Innovasjon Noreg er på 183,8 mill. kroner og aukar dermed med 16,48 prosent frå 2012 til 2013. Løyvinga skal også dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader knytte til oppdrag over kap. 552 post 72.

Departementet gjev òg ramma som skal dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnadane for fylkeskommunale oppdrag over kap. 551 post 60, og held av ytterlegare 2 mill. kroner på posten på vegner av fylkeskommunane for eventuelt å kunne dekkje auka kostnader i samband med endringar av arbeidsform.

Vedlegg 2 inneheld ei oversikt over rammefordelinga under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk.

2. Mål for Innovasjon Noreg og andre fellesføringar

I Meld. St. 22 (2011–2012), Verktøy for vekst – om Innovasjon Norge og SIVA SF, blei ein ny målstruktur for Innovasjon Noreg slått fast. Den nye målstrukturen for selskapet er:

Føremål:

Innovasjon Noreg skal vere eit verkemiddel for staten og fylkeskommunane for å realisere verdiskapande næringsutvikling i heile landet.

Hovudmål:

Innovasjon Noreg skal utløyse bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsam næringsutvikling, og utløyse dei ulike regionane sine næringsmessige moglegheiter.

Delmål:

- fleire gode gründerar
- fleire vekstkraftige bedrifter
- fleire innovative næringsmiljø

KRD viser til at Nærings- og handelsdepartementet (NHD) har gjeve dei overordna føringane som er felles for departementa, i oppdragsbrevet for 2013 til Innovasjon Noreg. I brevet til NHD er òg ein nærare omtale av det nye mål- og resultatstyringssystemet for selskapet.

Målstrukturen er felles for dei departementa som legg oppdrag til selskapet, og det bør ikkje leggjast oppdrag til Innovasjon Noreg som ikkje fell inn under måla til selskapet. Nærings- og handelsdepartementet har som eigar ansvar for at verksemda til selskapet er i tråd med måla.

3. Prioriteringar i oppdraget frå KRD

Løyvinga til Innovasjon Noreg er ein ekstrainsats som skal bidra til attraktive og lønsame arbeidsplassar og utløyse verdiskapingspotensialet i område med særlege utfordringar. Innsatsen skal fremje omstilling, nyetableringar og innovasjon. Midlane skal i hovudsak brukast innanfor det distriktspolitiske verkeområdet.

Kvinner, unge (18–35 år) og innvandrarar er framleis prioriterte grupper. Målet er at minst 40 prosent av dei næringsretta verkemidla under departementet skal nå fram til kvinner. Det gjeld særleg direkte bedriftsretta støtte.

3.1 Nærare om fordelinga av midlar under dei ulike målsetjingane

Innovasjon Noreg – samla økonomisk ramme: 183,8 mill. kroner

Tabell 2. Fordelinga av ramma til Innovasjon Noreg over kap. 13.50 post 72 (i mill. kroner).

Delmål IN	Arbeidsmål KRD	Program og satsingar	Tildeling 2012	Tildeling 2013
Fleire gode gründerar	1.3 Entreprenørskap	Ung gründer (inkludert mentor-ordning for unge), Høgvekst, Førstelinje for utvikling av næringsliv i kommunane, tovegs informasjonsteneste for gründerar på nett	37,1	40,8
Fleire vekstkraftige bedrifter	1.2 Vidareutvikle etablerte føretak	Designprogrammet, Kompetanseprogrammet	12,9	12,9
Fleire innovative næringsmiljø	1.1 Styrkje næringsmiljø	NCE-programmet, Arena-programmet, Bedriftsnettverk, næringsrelevant utdanning og regional omstilling	87,7	107,8
Tverrgående satsingar		Kvinner i næringslivet, Norsk næringsliv i bioøkonomien, kultur og opplevingar	14,7	16,9
Analysar og profilering			5,4	5,4
SUM			157,8	183,8

Innovasjon Noreg har, som i tidlegare år, høve til å gjere mindre omdisponeringar av fordelinga, men skal varsle departementet om større avvik frå oppdragsbrevet straks selskapet får kjennskap til det.

Innovasjon Noreg må dekkje eventuelle behov for bedriftsretta midlar på Svalbard innanfor ramma på kap. 552 post 72.

3.2 Nye tiltak i 2013

Departementet gjev Innovasjon Noreg 5 mill. kroner til utvikling og oppstart av eit nytt program, "Norsk næringsliv i bioøkonomien". I tillegg kan Innovasjon Noreg styrkje denne satsinga ved å nytte overførte midlar frå tidlegare år. Ei beskriving av programmet skal vere ferdig i februar 2013.

Departementet set av 10 mill. kroner til utvikling av ei ny, nettbasert interaktiv teneste for gründerar. Tenesta skal gjere det lettare for gründerar å finne informasjon og raskt få svar på spørsmål både om ordningar i regi av Innovasjon Noreg og annan

informasjon som gründerar kan dra nytte av. Innovasjon Noreg får ansvaret for å sikre ei eigna rolledeiling med Altinn.no, førstelinjetenesta i kommunane og andre relevante aktørar.

Departementet har øyremerkt 20 millionar kroner til å styrkje den langsiktige innsatsen for næringsrelevant kompetansebygging. Det vil gjere det lettare for kunnskapsinstitusjonane å levere kompetent arbeidskraft som er tilpassa behovet til det regionale næringslivet. Det blir stilt krav om dialog og samarbeid med næringslivet og relevante fagmiljø. Innovasjon Noreg har hovudansvaret for tiltaket, som skal utviklast i nært samarbeid med Forskingsrådet, SIVA, fylkeskommunane, næringslivet og andre relevante aktørar. Departementet viser til foreløpig utkast, motteke 15. februar 2013, og ber Innovasjon Noreg om å arbeide vidare med forslaget, saman med de nemnde aktørane og departementet, med sikte på overlevering av eit endeleg forslag innan 15. mars 2013.

3.3 Tverrgående tema

Kultur og opplevingar: Departementet er oppteke av kultur som grunnlag for næringsutvikling i distrikta. Regjeringa skal leggje fram ein handlingsplan for kultur og næring i 2013. Handlingsplanen er eit samarbeid mellom Nærings- og handelsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Kulturdepartementet. Handlingsplanen skal innehalde ei ny nasjonal satsing på kulturnæringar, som Innovasjon Noreg og Norsk kulturråd skal forvalte i fellesskap. Satsinga skal bidra til større grad av profesjonalisering, innovasjon og kommersialisering i kulturnæringane.

Satsinga skal i størst mogleg grad byggje på eksisterande program og tiltak, og skal frontast som ei heilskapleg satsing. I den samanhengen bør Innovasjon Noreg utvikle ein tydelegare nasjonal koordinert verkemiddelinnsetning for kulturnæringane. Satsinga skal finansierast med midlar frå Nærings- og handelsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet til Innovasjon Noreg, og midlar frå Kulturdepartementet til Norsk kulturråd.

Satsinga bør dekkje desse områda:

- kompetanseutviklingsprogram (Innovasjon Noreg)
- tiltak for strategiske bedriftssamarbeid og nettverk (Innovasjon Noreg)
- mentortjeneste (Innovasjon Noreg)
- tiltak for å styrkje samlokaliseringar og nettverk av kulturnæringsaktørar (Norsk kulturråd)

Departementet ber Innovasjon Noreg om i samarbeid med Kulturrådet å utarbeide eit skriftleg framlegg til organisering og gjennomføring av satsinga innan 15. mars 2013. Departementa vil ha dialog med Innovasjon Noreg og Kulturrådet undervegs om korleis satsinga skal utformast.

Omstilling: Departementet ynskjer å føre vidare satsinga på omstillingsarbeid, og Innovasjon Noreg skal framleis vere eit nasjonalt kompetanseorgan for lokalt omstillingsarbeid. I samband med søknader om ekstraordinær statleg innsats i omstillingsområde vil departementet be om ei fagleg vurdering av søknadene før det blir gjort endelege vedtak. Innovasjon Noreg har såleis ei særskild rolle både i samband med fagleg vurdering av søknader om ekstraordinær statleg innsats og når det gjeld lokalt omstillingsarbeid generelt.

Kvinner i næringslivet: Satsinga blir redusert med om lag 4 mill. kroner samanlikna med i fjor. Departementet legg opp til at tiltak særleg retta mot kvinner i større grad går inn som ein del av dei ordinære programma og tenestene.

4. Administrative føringar

Overføring av midlar: Departementet overfører midlane i like store delar tre gonger i løpet av året – i februar, juni og oktober – til den same kontoen som i 2012. Midlane som skal dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnadane, blir overførte til ein eigen konto etter avtale.

Departementet viser elles til dei administrative føringane i oppdragsbrevet for 2013 frå Nærings- og handelsdepartementet til Innovasjon Noreg.

5. Departementsspesifikke administrative føringar

Innovasjon Noreg skal samarbeide aktivt med fylkeskommunane som regional utviklingsaktør og i partnerskapane på regionalt nivå. Innovasjon Noreg skal vere premissleverandør og medverke til å utvikle regionale program og tenester for næringsutvikling og innovasjon, mellom anna i samband med omstillingsprosessar i fylka.


Kommunikasjon og informasjon: Innovasjon Noreg skal aktivt synleggjere resultat selskapet har oppnådd på departementet sitt politikkområde, både overfor eksterne målgrupper og overfor departementet. Innovasjon Noreg skal orientere departementet i god tid før offentleggjeringa av viktige utgreiingar og av rapportar som angår KRD sitt område. I tråd med dei avtalte rutinane skal Innovasjon Noreg varsle departementet om saker som kan bli store i media, både kontroversielle saker og saker som elles kan skape stor offentlig merksemd. Departementet forventar at Innovasjon Noreg kjem med framlegg til moglege profileringar. Vidare at selskapet tek kontakt med KRD for å få avklart om departementet skal vere med på synleggjeringa av resultat og einskildsaker.

Rapportering: Departementet ber om at Innovasjon Noreg vurderer måloppnåinga for midlar frå departementet og fylkeskommunane i den skriftlege årsrapporten. Departementet ber òg om å få ein rapport om utviklinga i prosentdelen kvinner innanfor

alle program og tenester for å synleggjere kjønnsbalansen når det gjeld deltakarar og den stønaden som er tildelt.

Ein felles rapporteringskalender for 2013 følgjer som vedlegg til oppdragsbrevet frå Nærings- og handelsdepartementet.

Med helsing


Liv Signe Navarsete

Vedlegg

1. Retningslinjer for kap. 552 post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling
2. Rammefordeling av programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk
3. Krav, rapporteringsskjema og rettleiing til statistikkrapporteringa for verkemidla frå KRD

Kopi til:

Distriktssenteret – Kompetansesenter for distriktsutvikling

Noregs forskingsråd

Nærings- og handelsdepartementet

Landbruks- og matdepartementet

Fiskeri- og kystdepartementet

Riksrevisjonen

SIVA – Selskapet for industrivekst SF

Fylkeskommunane og Oslo kommune